



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.03.2016

Vår ref.: 2016/1022

Arkivnr.: 410

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til NOU 2015:15

«Sett pris på miljøet, rapport fra grønn skattekommisjon»

Bakgrunn

Grønn skattekommisjon har vurdert om og korleis eit grønt skatteskipt kan bidra til betre utnytting av ressursane i samfunnet. Utvalet slår fast at *forureinar skal betala* og at rett sette avgifter er det sentrale norske verktøyet i klima- og miljøpolitikken, saman med deltaking i EU sitt kvotehandelssystem for utslepp av klimagassar.

Utvalet rår til at fleire av dei eksisterande miljøavgiftene vert justerte og at einskilte nye avgifter vert innførte. Vidare rår utvalet til å avvikla fleire støtteordningar med negativ miljøpåverknad og at auka inntekter frå miljøavgifter skal nyttast til generelle reduksjonar i skattesatsane for personar og verksemdar.

Fylkesmannen i Rogaland sine merknader:

CO₂-avgift og kvotar

Fylkesmannen i Rogaland støttar hovudregel om at alle utslepp frå ikkje-kvotepliktig sektor får lik CO₂-avgift per tonn CO₂-ekvivalent. Ulike bransjar treng likevel ulik tid på omstilling. Det kan såleis vera gode grunnar for å differensiera avgiftsnivå i overgangsfasar for å hindra avvikling av elles samfunnsnyttig aktivitet i ein omstillingsfase. Døme her er veksthusbransjen i Ryfylke og på Jæren. I løpet av eit kvart hundreår har veksthusbransjen vår fyrst lagt om frå svært forureinande oljefyring til elektrisk energi. Etter stort påtrykk frå det offentlege la dei rundt 2000 om til gass frå Nordsjøen. Dei viktigaste konkurrentane innan tomat er Nederland, som produserer store mengder tomatar på billig norsk gass. Avgifter på denne produksjonen hos oss bør difor nivellerast med energikostnader for produsentar i Nederland. Gassnett til denne biologiske produksjonen høver også svært bra for gradvis omlegging til biogass og dannar no eit nett som kan byggjast vidare på i omlegging til fornybar gass. Det er også stort potensiale i veksthusbransjen til innovative bidrag til

den nye bioøkonomien, til dømes i produkt som bind Co2, klimakontrollert produksjon av marine dyr og algar til medisin, mat og for m.m.

Det er viktig å få til vidare grøn omstilling og reduserte klimaskadelege utslepp i landbruket og alle andre næringsbransjar. Kommisjonen sine forslag vil verka ulikt og ha ulik effekt på ulike næringar. Det må vurderast samla omstillingstiltak og optimalisering av tiltak i forhold til dei einskilde bransjar. Å halda oppe og auka produksjon og sysselsetjing samtidig som ein stimulerer til grønt skift, må vera målet.

Eit anna døme på ein viktig bransje med stort potensiale for grøn innovasjon, er sjøfart. Nye miljøavgifter her må slusast inn slik at me får ein optimal grøn innovasjon i ein bransje som me allereie har teknologiske fortrinn og kompetanse innan. Igjen er det viktig at avgiftsregimet vert innretta slik at det bidrar til grøn omstilling og ikkje avvikling.

Kjøretøy- og drivstoffavgifter

Bruksavhengige avgifter

Fylkesmannen støttar auka bruk av bruksavhengige verkemiddel for å redusera utslepp frå trafikk. Vi har allereie gode erfaringar med miljø- og køprising frå både inn og utland, og dette er eit verkemiddel som bør nyttast i auka grad i norske byar.

Null- og lågutsleppsbilar

Avgiftsunntak og subsidiering for null- og lågutsleppsbilar har vore ein viktig grunn til dempa utslepp frå trafikk så langt. Om ein skal endra desse fortrinna som har virka til grøn omstilling, må ein sikra at andre tiltak kompenserer effekten. Fylkesmannen i Rogaland vil rå til å behalda pris- og avgiftsdifferensiering som tydeleg stimulerer til vidare endring av bilparken i klimanøytral retning. Dette synest og å vera i tråd med Grøn skattekommisjon sitt hovudmål.

Vurdering av nye klimaavgifter

Klimautslepp frå produksjon av raudt kjøt er avhengig av for og beiting, om det er småfe eller storfe, om kjøtet er ein del av mjølkeproduksjon osv. Omlegging av næringsstøtte og avgifter må ta omsyn til det og bidra til ei optimalisering i landbruket i høve til miljøomsyn som klimautslepp, beitebruk, samla ressursutnytting, landskapsomsyn og biologisk mangfald knytt til beite m.m. Redusert produksjon av raudt kjøt i Noreg vil dessutan truleg bli erstatta med import som ikkje vil gi betre klimaeffekt.

Avgiftsregimet må også ta omsyn til at lokal matproduksjon er viktig for busetjinga og ikkje minst sysselsetjing i distrikta. Tiltak som rammar produksjon av norsk raudt kjøt negativt vil verka konkurransevidande for import av kjøt frå utlandet produsert med større karbonavtrykk.

Fylkesmannen i Rogaland støttar vidare utgreiing og eventuelle forsøk med CO₂-avgift på klimagassutslepp frå omdisponering som gjev auka CO₂ utslepp av større areal, for eksempel avskoging, drenering, grøfting og nedbygging av myr samt uttak av torv. For å hindra klimaskadelege utslepp og forureiningsomsyn, vil samla verknad av slike avgifter kunna ha ein vesentleg verknad. Når det gjeld tapet av sjeldan natur, vil ikkje naturavgift/skatt fungera. Sjeldne sårbare naturkvalitetar får ikkje betre vern sjølv om utbyggjar eller ressursbrukar må betala for dei. Her må me halda fram med å vurdere bruk og eller vern gjennom etablerte og eventuelt nye søknads- og meldeplikter. Det er likevel viktig å halda fram med det generelle arbeidet med å «setja

pris på» sjeldne naturgodar ; så langt som råd setja ein økonomisk verdi på verneverdig natur og landskap som kan nyttast inn i konsekvensutgreiningar og andre offentlege vurderingar.

Vurdering av andre nye miljøavgifter

Fylkesmannen i Rogaland støttar også at avgift på utslepp frå verksemdar med konsesjonsplikt etter forureiningslova bør utgeiast nærare. Arealavgift til lokalsamfunna på akvakultur bør vurderast. Auka sakshandsamingsgebyr som dekkar forureiningsstyresmaktene (Fylkesmannen og Miljødirektoratet) sitt arbeid med konsesjonar og tilsyn i høve til forureinande industri, bør også vurderast. Det er i dag allereie ei gebyrordning på dette, men med for låge satsar til å halda kapasiteten oppe i takt med etterspørsel. Det vil kunna bidra til å fjerna flaskehalsar i forvaltninga der søknader i dag tar for lang tid pga. underkapasitet hos oss som styresmakt. Dei fleste søknader om løyve til å forureina er det knytt sysselsetjing og teknologiutvikling til. Ei sjølvfinansierande ordning her vil vera i tråd med «forureinar betaler prinsippet» og vil bidra til effektivisering, teknologiutvikling og grønt skift.

Avgift på naturinngrep må vurderast nøye opp mot hensikt. Tap av artar og sjeldne naturtypar kan ikkje erstattast og vil bli lite påverka av avgift såfram me handsamar sakene slik nasjonal miljøpolitikk legg opp til. Det er ikkje er mogleg å anslå kostnaden ved ulike naturinngrep så presist at dette vert eit eigna verktøy i saker der sjeldan natur er inne i biletet. Det bør likevel utgreiast for dei meir typiske og vanlege naturtypar. For meir vanleg natur og friareal/parkar, samt jordbruksareal, kan ein eventuelt i større grad vurdere pålegg om opparbeiding av erstatningsareal. Fylkesmannen i Rogaland har inga tru på at arealavgift vil gje vesentlege bidrag til å hindra inngrep i inngrepsfrie område. Det hjelper ikkje miljøverdiane at nokre få kan kjøpa seg ut av samfunnet sine tap av biologisk mangfald og redusert rekreasjonsverdi. Dette må styrast på annan måte.

Fylkesmannen støttar at miljøkostnadene ved forsøpling og eit system for støyavgifter ved norske flyplasser vert utgreidd.

Støtteordningar og skatteutgifter med miljøverknad

Generelt for tiltak om avvikling av støtteordningar og skatteutgifter med miljøverknad, vil me be om at miljøeffekt av endring vert vurdert opp mot verknaden og godar i eksisterande ordningar.

Det bør leggst vekt på miljøomsyn i jordbruksforhandlingane, men ein bør vera varsam med å innføra tiltak som rammar landbruket negativt og er konkurransevridande i forhold til utanlandsk produksjon.

I motsetning til kommisjonen, meiner me det bør innførast skattlegging av fri parkering på arbeidsplassen. Redusert køyring til og frå arbeid har ein stor miljøeffekt, bla. på luftkvalitet i byane. Utvalet bør også vurdere skattetiltak knytt til alternative transportmetodar til bil og fly, som eksempel sykkel. Det ville til dømes vore interessant å få ei norsk vurdering av det populære tiltaket som er innført i UK, der ein får kjøpa sykkel/El-sykkel skattefritt gjennom arbeidsgivar <https://www.cyclescheme.co.uk/>

Det same gjeld vurderinga av skattefritak for energieffektivisering i private heimar. Temaet er ikkje diskutert på ei grundig måte i NOUen, der ein konkluderer at skattefritak ikkje vil ha effekt.

Miljøteknologi

Fylkesmannen er samd i at det må fleire insentiv til utvikling av miljøteknologi. Det bør stimulerast til at eksisterande miljøteknologi vert nytta på nye område, på tvers av sektorar og næringar og at ny miljøteknologi blir utvikla. Dette krev eit godt samarbeid mellom næringar, forskingssektor og myndigheiter. Særskilde avskrivingsreglar for å ta i bruk av miljøvenleg teknologi bør etter vårt syn vurderast.

Bruk av inntekter frå grønt skatteskift

At auka statlige inntekter som følgjer av utvalet sine råd skal brukast til generelle reduksjonar i skattesatsane for personer og selskap, er etter vårt syn for lite nyansert og målretta. For å stimulera til optimal bransjevis omstilling til grøn og klimanøytral produksjon, bør ein i stor grad ta i bruk avgifter som vert øymerka endringstiltak i bransjane. I avfallsektor, sjøfart og landbruk vil dette kunna bidra til ei meir målretta og raskare omstilling. Grøne avgifter, tilskot, skattelette og andre økonomiske tiltak som omfattar både utsleppskutt og binding/lagring, jf. tilrådingane i FN's klimapanel og politiske «klimavedtak» må vurderast samla.

Kostnader og gevinst av klimakutta

Kommisjonen sitt forslag er opplyst å kunna gje samla klimakutt på 1-2 mill tonn CO₂ årleg innafor landegrensene. For å oppnå dette må det krevjast inn ein grøn skatt på om lag 25 -30 mrd kroner. Dette utgjer ein kostnad per tonn CO₂ på mellom 12 500 – 30 000 kroner per tonn CO₂. Til samanlikning utgjer den direkte kostnaden til skogplanting som klimatiltak om lag 50 kr per tonn CO₂. Det er viktig å løfta fram dei mest effektive tiltaka.

Skattekommisjonen sine forslag til tiltak i landbruket kan bidra til flytting av skattebyrde frå by til land. Mogleg klimaeffekt må vurderast opp mot distriktsomsyn og berekraftig bruk i heile landet. God bruk av landet sine fornybare ressursar vil vera heilt påkravd og nødvendig i eit låg-utsleppssamfunn.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Geir Skadberg
kst.landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: May Britt Jensen, miljøvernssjef
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 27
E-post: fmromaj@fylkesmannen.no

